# Øystre Slidre kommune



# 2.tertial rapport 2021

https://pub.framsikt.net/2021/oystre-slidre/mr-202108-2tertialrapport_2021/

Framlagt av rådmannen 2. november 2021

# Innhald


10 på topp ....3
Sentrale kapittel ....6
Totaloversikt økonomi ....6
Investeringsregnskapet - status ....10
Økonomisk utvikling og stilling....15
Finans-, gjelds- og kraftforvaltning....15
Finansplasseringar:....15
Lånegjeld: ....15
Kraftforvaltninga ....17
Vurdering i forhold til kommunens finans- og gjeldsforvaltningsreglement:....18
Organisasjon....20
Sjukefråvær ....20
Vedlegg....21
Vedlegg 1 - Interkommunale samarbeid - økonomirapport 2.tertial ....21
Vedlegg 2 - budsjettendringsforslag ved 2. tertial 2021 - drift....21
Jf. omtale under kap. Sentrale kap. – Totaloversikt økonomi. ....21
Vedlegg 3 - budsjettendringsforslag ved 2. tertial 2021 - investeringar....27

# Forord

## 10 på topp

**Status for dei 10 høgast prioriterte utviklingsområda for Øystre Slidre kommune i økonomiplanperioden er følgjande:**

**Vi skal ferdigstille uteområde ved Øystre Slidre helsetun, gjere Helsetunet til ein møteplass for innbyggarane i kommunen og legge om helse- og omsorgsteneste slik at moglegheitene nytt helsetun gir vert utnytta.**

Uteområdet på Øystre Slidre helsetun vart ferdig i august.  Også det nye sentrumstorget er langt på veg ferdig.

Helsetunet vart offisielt 18. september med inviterte gjeste og invitasjon til alle innbyggarane i kommunen. Grunna koronaen kunne vi ikkje denne dagen invitere innbyggarane inn i Helsetunet, men vi vil invitere til open dag på eit seinare tidspunkt.

Vi har kome godt i gang med å leggje om helse- og omsorgstenestene vår slik at moglegheitene i Helsetunet vert utnytta. Dette er eit kontinuerleg arbeid. Rådmannen har sett ned ei arbeidsgruppa med tilsette, tillitsvald, vernetenesta og avdelings- og tenesteleiarar med mandat å fullføre innflytting i Helsetunet. Målet med dette arbeidet er å nytte den omstillinga vi er inne i til å utvikle trygge og myndiggjorte medarbeidarar. Trygge og myndiggjorte medarbeidarar er den viktigaste føresetnaden for å levere helse- og omsorgstenester av god kvalitet.

**Vi skal busetja inntil 20 flyktningar i 2021 og sikre at alle busette flyktningar er i jobb eller utdanning når dei er ferdig med introprogrammet.**

Vi har busett 8 personar, 3 vaksne og 5 born. Vi er bedt om å busetja 10 personar i 2021, og ventar på busetting av minst 2 personar til i løpet av året. I tillegg kjem familiesameining. Vi ønsker å busette 20 personar i 2021, og grunna situasjonen i Afghanistan kan vi før førespurnad om å busette fleire enn dei 10 personane vi er bedt om å busetja i 2021. Vi er førebudd på å busetta 20 personar pluss familiesameining. Det er svært få av det busette flykningane som ikkje er i jobb eller utdanning ved ferdig introprogram.

**Vi skal starte arbeidet med å revidere arealdelen av kommuneplanen med bakgrunn i arealstrategien i kommuneplanen med sikte på vedtak av planen sommaren 2022.**

Arbeidet med revidering av kommuneplanen sin arealdel (KPA) er starta opp administrativt. Formannskapet har handsama utkast til planprogram og lagd dette ut på høyring. Samtidig er det opna for å kome med innspel til revidering av arealdelen.

**Vi skal i lag med nasjonale myndigheiter og andre samarbeidspartar etablere ressurssenter for fjellandbruk på Løken gard.**

Vi har spelt inn til jordbruksforhandlingane og stortingskomiteen forslag om å løyve midlar til drift av eit nasjonalt senteret for fjellandbruk, med 2 mill. i basisløyve og 2 mill. til prosjektgjennomføring. Det er sett ned ei styringsgruppe for etablering av senteret, med ein representant frå kvar av desse organisasjonane: Norsk Landbruksrådgivning, Storsteigen videregående skole, Fjellnettverket, Norsk Bonde- og

Småbrukarlag, Norsk Seterkultur, Norges Bondelag, Norges Vel, og Øystre Slidre kommune. Styringsgruppa skal bidra til å utvikle visjon for senteret, vidareutvikle måla for senteret, avklare langsiktig finansiering og utarbeide ein kommunikasjonsplan. . I Hurdalsplattforma heiter det: *«Regjeringa vil sørge for betre berekraft i landbrukt gjennom auka bruk av utmarksbeite, setring, klimatilpassing, investering i jord og etablering av eit nasjonalt senter for fjellandbruk.»* Vi er gjennom denne formuleringa nådd ein milepel i arbeidet med etablering av senteret.

Faglaga og 5 Valdreskommunar har bedt mat- og landbruksministeren om å stoppe salet av Løken gard. Ministeren har no stoppa salet, og ønskjer å ha ein prosess med kommunen om framtidig eigarskap m.v. for Løken gard.

**Vi skal sørge for at minst 5 verksemder inngår i næringsklynga Klima+ innan utgangen av 2021, der målsettinga med næringsklynga er å etablere fritidsbustader som i utbygging og drift har positiv klimaverknad.**

Det er 5 verksemder som har lokale i næringsklynga Klima+.

Vi har fått utarbeidd ein rapport med eksempel frå fleire kommunar korleis klima og miljøomsyn kan innarbeidast i reguleringsplanar og anna planverk. Vi vil i samband med revidering av KPA og ved handsaming av reguleringsplanar og utbyggingsavtalar utvikle føresegner som sikrar ei miljø- og klimavenleg utbygging av område for fritidsbustader.

**Vi skal i samarbeid med næringslivet etablere selskapet Beitostølen Utvikling as som eit felles selskap for finansiering og gjennomføring av fellestiltak på Beitostølen, der målsettinga er å doble tal busette til 600 personar og tal overnattingsdøgn til 600 000 gjestedøgn innan 2035 gjennom å heve sentrumskvalitetane og invitere til oppleving av Rein naturglede.**

Vi har inngått intensjonsavtale med næringslivet på Beitostølen om etablering av selskapet Beitostølen Utvikling as. Selskapet skulle vore etablert innan 1.3.21, men næringslivet har meldt tilbake at dei treng meir tid for å vurdere modellar for driftsfinansiering og eigarskap i det nye selskapet. BU SA har nyleg meldt tilbake at det snarleg vil ligge føre underskrivne avtalar som sikrar ein tilstrekkeleg driftsøkonomi for selskapet. Rådmann har fremja sak for kommunestyret om etablering av selskapet, og selskapet vil venteleg bli etablert i løpet av 2021.

**Vi skal gjennomføre eit forprosjekt med sikte på å etablere ein folkehøgskule med tilgrensande aktivitetar i tidlegare sjukeheim.**

Kommunestyret har handsama sak om søknad om støtte til forprosjekt for etablering av Fly'a folkehøgskule (arbeidstittel) på Heggenes. Søknaden ligg no til handsaming i Utdanningsdirektoratet og vil bli teke stilling til i samband med statsbudsjettet for 2022. Vi samarbeider med fleire personar som har sagt seg villig til å vera ambassadørar for folkehøgskulen, og vi arbeider no med ulike informasjonstiltak for å presentere folkehøgskulen for samarbeidspartar, direktoratet og utdannings- og forskingskomiteen. Vi har gjeve og vil gje innspel til ny regjering og nytt Storting om Fly'a folkehøgskole og bed om at oppstartsløyving vert teke inn i tilleggsproposisjonen eller ved handsaminga i Stortinget.

**Vi skal halde fram med utbygging av stiar og løyper i kommunen, og i lag med løypeforeiningane, idrettslag og næringslivet vurdere nye modellar for organisering og finansiering av drift av løypenettet.**

Vi arbeider med utkast til revidert sti- og løypeplan som vil legge rammene for utvikling og utbygging av sti- og løypenettet og som drøftar nye modellar for organisering og finansiering av sti- og løypenettet.

Kommunestyrekomiteen har kome til at det vil vera behov for nokre lengre tidslinjer for dette arbeidet enn det som planstrategien legg opp til.

**Vi skal i lag med idrettslaga og reiselivsnæringa utvikle Beitostølen stadion med sikte på å doble bruken av området gjennom heile året.**

Vi har inngått leigeavtale for areala på stadion med Beitostølen stadion AS som sikrar føreseielege ramme for utvikling av tilboda på stadion. Selskapet har presentert ein utviklingsplan for stadion, og kommunen har vore inn med medfinansiering for gjennomføring av planen. Bruken av området har frå mars til sommaren 2021 vore avgrensa grunn koronaen.

**Vi skal gå gjennom alle driftsområda med sikte på å redusere kostnadene i drifta, for å oppnå budsjettbalanse og handlingsreglane for kommunen for god økonomiforvaltning i åra framover, og samtidig arbeide for effektive, robuste og velfungerande tenester.**

Arbeidet med gjennomgang av alle driftsområda er starta og var også eit tema for dialogmøtet 26. august. Vi vil i arbeidet med økonomiplan 2022 - 2025 presentere tiltak som gjev budsjettbalanse for komande periode.

# Sentrale kapittel

## Totaloversikt økonomi

*Beløp i 1000*

| | Budsjett hiå. | Regnskap hiå. | Avvik hiå. | Budsjett 2021 | Årsprognose | Prognose årsavvik |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Sum generelle driftsinntekter | -165 345 | -161 503 | -3 841 | -248 116 | -255 400 | 7 284 |
| Avskrivinger | 14 927 | 0 | 14 927 | 22 400 | 22 400 | 0 |
| Motpost avskrivninger | -14 927 | 0 | -14 927 | -22 400 | -22 400 | 0 |
| Netto finansutgifter | 13 596 | 10 131 | 3 465 | 20 402 | 17 502 | 2 900 |
| Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat | 1 576 | 0 | 1 576 | 2 365 | 3 052 | -688 |
| **Til disposisjon** | **-150 173** | **-151 373** | **1 200** | **-225 349** | **-234 846** | **9 496** |
| Politisk leiing og kontrollorgan | 2 156 | 1 948 | 208 | 3 319 | 3 219 | 100 |
| Rådmannen felles | 2 502 | 2 927 | -425 | 3 934 | 4 434 | -500 |
| Stab | 10 751 | 10 817 | -66 | 16 598 | 17 468 | -870 |
| Felles opplæring og kultur | 3 989 | 3 207 | 782 | 6 045 | 6 345 | -300 |
| ØSUS | 8 675 | 7 845 | 830 | 13 685 | 13 685 | 0 |
| Rogne skule | 8 158 | 8 459 | -301 | 12 918 | 12 918 | 0 |
| Lidar skule | 8 550 | 8 614 | -64 | 13 622 | 13 622 | 0 |
| IIB Tingvang barnehage | 0 | -6 | 6 | 0 | 0 | 0 |
| Rogne barnehage | 6 368 | 6 053 | 315 | 10 216 | 10 216 | 0 |
| Beito barnehage | 2 697 | 3 089 | -392 | 4 325 | 4 325 | 0 |
| Private barnehager | 2 999 | 4 743 | -1 744 | 4 501 | 4 501 | 0 |
| Kulturavdelinga | 5 720 | 6 196 | -476 | 8 832 | 8 832 | 0 |
| Flyktningetenesta | 3 664 | 2 294 | 1 370 | 5 825 | 5 825 | 0 |
| Felles helse og omsorg | 17 647 | 17 990 | -343 | 26 710 | 26 710 | 0 |
| Helse | 6 171 | 6 582 | -410 | 9 568 | 11 818 | -2 250 |
| Førebygging og meistring | 16 019 | 16 753 | -734 | 26 602 | 27 634 | -1 032 |
| Institusjonstenester | 16 980 | 19 988 | -3 008 | 24 863 | 28 486 | -3 623 |
| Tilrettelagte tenester | 10 687 | 9 365 | 1 322 | 17 061 | 17 061 | 0 |
| Felles tekniske tenester | 0 | 11 | -11 | 0 | 0 | 0 |
| Teknisk drift | 10 542 | 5 730 | 4 812 | 16 971 | 20 071 | -3 100 |
| Næring plan og byggesak | 7 576 | 3 570 | 4 006 | 11 923 | 14 854 | -2 931 |
| Kraftforvaltning | -5 446 | -7 099 | 1 653 | -8 172 | -13 182 | 5 010 |
| Ramme og skatt | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Renter og avdrag | 0 | -3 | 3 | 0 | 0 | 0 |
| Interne finanstransaksjoner | -2 523 | -5 321 | 2 798 | -3 997 | -3 997 | 0 |
| **Sum disponering** | **143 884** | **133 752** | **10 132** | **225 350** | **234 846** | **-9 496** |
| **Merforbruk +/mindreforbruk -** | **-6 289** | **-17 621** | **11 332** | **1** | **0** | **0** |

Regnskapet per august viser samla eit mindreforbruk på ca. 17.621`, men dette er ikkje eit representativt bilde av korleis året vil gå - dei fleste avvika er periodiserings-forskjellar mellom budsjett og regnskap. Økonomien til kommunen er på dei fleste områda i tråd med budsjettet for året.

Kommunen har enkelte større og mindre budsjettavvik som utgjer reelle budsjettavvik for året på dei enkelte områda, sjå omtale nedanfor. Samla sett vurderer vi at dette går litt i pluss, med ca. kr 1.500`, slik at vi kan redusere bruk av disposisjonsfond budsjettert for året.

Administrasjonen tilrår budsjettendringar for dei fleste av avvika nedanfor, sjå vedlegg som spesifiserer budsjettendringsforslag.

**Generelle driftsinntekter:**

- Siste prognose frå KS er ein auke på 5.530` i skatteinntekter. Budsjettendringsforslag.
- I samband med covid-19 har kommunen i 2021 motteke kr 754` til vaksinering, og kr 1.000` til kompensasjon for meirkostnader. Dette kjem i tillegg til dei 3.849` som vart budsjettert i økonomiplanen for 2021. I tillegg har vi over rammetilskotet motteke kr 403` til kompensasjon for meirkostnader, desse bør flyttast til covid-19 inntekter. Budsjettendringsforslag. Kommunen har og meirutgifter knytt til pandemien, sjå omtale i eige avsnitt nedanfor.
- Det er i tillegg motteke tilsegn på tilskot av ulike slag. Desse er ikkje budsjettert eller prognosert, då dei også i hovudsak vil medføre tilsvarande auka utgifter.

**Netto finansutgifter:**

- Vi har spart rentekostnader ved at likviditeten gjennom året har vore god, og vi har teke opp årets lån seint på hausten. Prognosen tilseier ca. kr 1.300` i auka renteinntekter og kr 1.600` i sparte rentekostnadar. Budsjettendringsforslag.

**Rådmannen /felles:**

- Revisjonskostnaden får ein auke, jf. brev frå kontrollutvalet/sekretariatet og oppdragsavtale med Innlandet Revisjon IKS av august-21. Budsjettet må aukast med 200`. Budsjettendringsforslag.
- Mindreforbruk politisk område, kr 300`, som kan dekke auken i revisjonskostnader. Budsjettendringsforslag.
- Meirkostnadar/mindreinntekter grunna covid-19, ev. uføresette kostnader, ut frå grovt estimert prognose kr 500`, budsjetterast sentralt. Budsjettendringsforslag.
- Meirforbruk på stab/økonomi samla på ca. 550`, pga. auke i kontingent til KS, lisensar til Visma og Framsikt og i yrkesskadeforsikring, og utbetalt meirtid pga. arbeidspress og valavvikling mv. Budsjettendringsforslag.
- Meirforbruk stab økonomi og valavvikling grunna covid-19, 200`. Budsjettendringsforslag.

**Opplæring og kultur:**

- Det synes å vera noko inntektsbortfall innan kulturområdet grunna covid-19, anslagsvis 300`. Budsjettendringsforslag.
- Introduksjonsstønad til flyktningar, og integreringstilskott til kommunen, ser ut til å bli ein del lågare enn budsjettert.
- Det interkommunale samarbeidet for PPT melder om eit meirforbruk, som for oss utgjer ca. 160`. Prognosen er usikker. Vi viser til 2.tertial-rapporten frå Nord-Aurdal for dei interkommunale samarbeidstiltaka.

- Alt i alt ser det ut til at opplæring og kultur held seg innanfor budsjettet.

**Helse og omsorg:**

- Helse viser meirforbruk til legetenesta grunna vaksinering covid-19, totalt ca. 1850`, og meirutgifter grunna covid-19 øvrig med 400`. Budsjettendringsforslag.
- Eigenbetaling for institusjon har vore under budsjett. Dette skuldast at tal langtidsplassar vart redusert frå 36 til 24 ved flytting til nytt helsetun, utan at budsjettet for 2021 har vore regulert ned. Inntektene blir omlag kr 2.455` lågare årleg. Budsjettendringsforslag.
- Ny lisens for velferdsteknologi nye helsetunet med årlig avgift. ca. 500` var ikkje innarbeida i driftsbudsjettet. Budsjettendringsforslag.
- Kjøp av plassar hjå eksterne ut året medfører meirforbruk på kr 920`, fordelt med 508`på institusjonstenester og 412`på førebygging og meistring. Det har ikkje vore alternativ å stoppe plassane så langt. Budsjettendringsforslag.
- Det har vore nytta overtid og vikarar ut over budsjettføresetnader innan institusjon og heimetenesta med vel 200`.
- Det er registrert meirutgifter lønn grunna covid-19 med 160`på institusjonstenester, og redusert eigenbetaling (korttidsopphald og praktisk bistand) innan førebygging og meistring med ca. 620`grunna covid-19. Budsjettendringsforslag.
- Dei interkommunale samarbeida innan helse og omsorg viser risiko for meirforbruk, spesielt på Valdres legevakt (845`) og barnevern (0-1.000`). Det er foreløpig usikkerheit i kva grad vertskommunen Nord-Aurdal legg inn covid-19-kompensasjon for meirutgifter grunna pandemien, og usikker utvikling ut året for øvrig. Vi viser til 2.tertial-rapporten frå Nord-Aurdal for dei interkommunale samarbeidstiltaka.

**Teknisk drift:**

- Husleigeinntektene har vore under budsjett grunna fleire tomme leilegheiter. Det er ulike årsakar til manglande utleige. Nokre treng rehabilitering før utleige. Prognosen tilseier ei mindreinntekt på 1.500` for året. Budsjettendringsforslag.
- Fjernvarme vart teke i bruk på nye helsetunet, men ikkje budsjettert. Forbruket så langt er 400`, og prognose for året er ca. kr 750`. Budsjettendringsforslag.
- Kommunale avgifter gjev meirforbruk på kr 100`. Budsjettendringsforslag.
- Det er registrert meirutgifter til inventar og utstyr og reinhald grunna covid-19 med totalt 300`. Budsjettendringsforslag.
- Enkelte kommunale bygg har ikkje vore utlegd grunna covid-19 (beredskap mv.), avslått verdi 450`. Budsjettendringsforslag.

**Næring plan og byggesak:**

- Planavdelinga har meirtid lønn grunna vaksinering covid-19, ca. kr 320`. Budsjettendringsforslag.
- Avsett løyving til Gjendeosen frå KS-011/09 er ikkje lengre gyldig og bør tilbakeførast, 900`. Budsjettendringsforslag.
- Byggesak og plan viser mindreforbruk, prognosen for året er ca. 1.350`. Mindreforbruk knytt til sjølvkostområda blir avsett til bunde fond. Budsjettendringsforslag.
- Spreidd avløp er estimert å gje eit mindreforbruk for året på ca. kr 500`, og endeleg sjølvkostresultat blir avsett til bunde sjølvkostfond. Årsaka til mindreforbruket er permisjon og utsette kontrolloppgåver. Budsjettendringsforslag.
- Oppmåling viser mindreforbruk, estimert til ca. kr 430` for året. Endeleg sjølvkostresultat blir avsett til bunde sjølvkostfond.

- Utlån til Mellad`n Turløyper med kr 1.231` til forskotering av mva og spelemiddel, jf. KS-58/21, blir å føre i drift, og med finansiering frå disposisjons-fond. Budsjettendring.

**Kraftområdet:**

- Prognose per september viser ei meirinntekt på ca. 7.460` grunna høgare prisar på kraft enn spådd ved budsjetteringa. Som ifølge av dette får vi og auka forvaltningshonorar, kjøpskostnader og skattekostnad, med hhv. 520`, 120` og 550`. Budsjettendringsforslag.
- Også straumutgiftene aukar merkbart på grunn av prisstiginga, prognosen tilseier ei auke på 2.600`. Budsjettendringsforslag.
- I 2021 får vi ca. kr 1.340` høgare utbytte frå kraftselskapa vi er deleigar i enn det som vart budsjettert. Budsjettendringsforslag.

**Interne finansieringstransaksjonar:**

- I samband med 2.tertialrapporten for investeringar og budsjettendringsforslag for investeringar 2021, er det samstundes nødvendig å budsjettendre overføring til investering og bruk av driftsfond knytt til investeringar. Det er foreslått å utsetja 1.200` i bruk av disposisjonsfond til Rogne barnehage til 2022, og samla 1.300` i bruk av eigedomsskattefond til aksjar, skibru og friluftsområde. Dette medfører mindre overføring til investering og tilsvarande mindre bruk av frie fond i 2021 med totalt kr 2.500`.
- Det er behov for å korrigere bruk av disposisjonsfond og overføring til investering med kr 1.500`, som følge av ein feil i opprinneleg budsjett for 2021, slik at investerings- og driftsbudsjettet får same overføring frå drift til investering.
- Auka konsesjonsavgift etter overtaking av Skjel, kr. 400`, jf. KS-11/21 og 53/21, skal avsetjast bunde fond. Budsjettendringsforslag.
- Budsjettendringsforslag etter 2.tertal går i sum i pluss med kr 1.519`,, og salderast mot redusert bruk av disposisjonsfond. Dette kjem til reduksjon budsjettert bruk av fond i 2021 (7.362`i opprinneleg budsjett, og 14.671` i budsjettendringar tidlegare i år).

**Kommentarar til felles kostnadsområder:**

<u>Lønn:</u>

- Prognosen for lønn totalt for året, etter lønnsoppgjeret, tilseier at vi for kommunen samla er omtrent på budsjett.
- Pensjonskostnaden for kommunen skal ikkje avvike særleg frå budsjett, ut frå siste prognose frå KLP per september/oktober. Dette på tross av at premien er veldig høg i 2021, spesielt reguleringspremien. Kommunen fører pensjon ut frå den aktuarutrekna pensjonskostnaden (GKRS), og amortiserer premieavvik (forskjellen mellom premie betaling og kostnad) over dei neste 7 åra. Då blir kostnaden jamne ut over åra, og premieforskjellane frå år til år påverkar ikkje årets kostnad i stor grad.

<u>Covid-19:</u>

- Kommunen har registrert meirkostnader knytt til covid-19 med kr 830` (på helse og omsorg, skuler, barnehagar), som er rapportert til Statsforvaltar i oktober.

- Kommunen har eit grovt estimat på tapte inntekter grunna covid-19 på kr 1.630`, som består i manglande inntekter innan utleige pga. beredskap mv., eigenbetaling legetenesta, korttidsopphald institusjon, praktisk bistand i heimen, kulturområdet mv.
- Kommunen har registrert kostnader til vaksinering kr 2.440` (det vesentlege på legetenesta). Vaksineringsløysinga har medført kostbar bruk av legetenesta, samt meirtid på andre avdelingar som har arbeida med vaksinering. Vaksineringsarbeidet går fortsatt, så vi må rekne med vidare utgifter på området. Det er frå sentralt hald gjeve signal om kostnadsdekking, men foreløpig har kommunen kun motteke kr 754`, og signala verkar usikre.
- Det er usikkert kor store meirutgiftene / mindreinntektene blir framover som ifølge av covid-19.
- Kommunen har i 2021 fått middel frå staten til å kompensere for meirkostnadene (totalt i 2021 kr 5.252` + 754`. Desse er innarbeida i budsjettet /budsjettforslag, som omtala under generelle inntekter. Også meirutgiftene og mindreinntektene bør no innarbeidast i budsjettet, og dei påløpne kostnadane er foreslått budsjett-justert på dei enkelte tenestene.

## Investeringsregnskapet - status

Investeringsregnskapet per 2.tertial 2021 viser regnskapsført netto investeringsutgifter/ finansieringsbehov på 139.847`, av totalt budsjettert 274.533`. Av dette kr 15.147` av totalt 76.000` budsjettert på VA, og 124.700` av totalt 198.533` budsjettert på generaløkonomien.

Det er ei rekke prosjekt som ligg bak skjema, og som er foreslått utsett til 2022 og dels 2023 (sjå budsjettendringsforslag). Det gjeld:

- Høgdebasseng Nordtorp, - kr 14.800`
- Oppgradering av Ole Vassverk, - kr 9.000`
- VA Nordtorp-Hegge stavkyrkje, - kr 5-900`
- VA-utbygging av leidningar i bygda, - 11.000`
- VA-utbygging i  nye kommunal bustadområde, - 11.800`
- VA i hytteområda, - kr 3.755`
- Furustrand friområde inkl. gangveg, - kr 250`
- Rogne barnehage garderobe, - kr 1.500`
- Klima+ næringsklynga, - kr 1.775`
- Utbygging fortau stadion, - kr 6.400`
- Overtaking og oppgradering av Finntøppvegen, - kr 5.900`
- Utlån startlån, - kr 500`.

Det er og enkelte prosjekt som er framskunda til 2021 frå 2022 med ein mindre del, og har behov for budsjettendring i 2021. Det gjeld:

- VA Nye Nedrefoss RA, forprosjekt, kr 250`
- VA Furustrand - Raubrøtmoen-Storefoss, kr 500`
- Skibru Finntøppvegen, kr 200`

Skibru Beitestølvegen/Menkelie er ferdigstilt. Kalkyle frå prosjektleiar viser følgande postar: Bru-konstruksjon anbod 5.814`, tillegg 100`, VA anbod 1.202`, tillegg 500`, skiløype lausmassar anbod 726`, tillegg 300`, prosjektering/diverse anbod 350` (av dette prosjektering VA 100`). Det gjev sum eks mva på 8.992` + mva 1.822`, kr 10.814`. Vi har på denne bakgrunn lagt fram følgande budsjettendring:

- Investering i skibru Beitestølvegen, investering inkl. mva (eks VA), kr 3.200` (blir finansiert med bruk av bundne fond frå utbyggjaravtaler/tilskot, 2.560`, samt motteke mva-kompensasjon 640` for prosjektet)
- Investering i VA i tilknyting til skibru, kr 1.800` (tal ekskl. mva) (blir finansiert med 100% bruk av lån til sjølvkostområdet, sjå nedanfor under finansiering)

Endeleg prosjektregnskap viser negativt budsjettavvik for følgande prosjekt, som vi har lagt fram budsjettendringsforslag for no:

- ØSUS-garderobar, kr 131`
- Brennebakkin uteområde for bustader, kr 759`
- Lydkåk, kr 41`

Enkelte prosjekt er teke ut av investeringsplanen:

- Digitalisering av eigedomsarkiv, - kr 1.500`. Digitalisering startar no, men dette kjem til å bli gjennomført over lengre tid og i stor grad etter kvart som ein har behov i den enkelte sak. Budsjettet er flytta til drift og fordelt over økonomiplanperioden.
- Etablering av BU AS, - kr 700`. Aksjar er prognosert i investering i 2021 med kr 300`, resten av budsjettet er flytta til drift.
- Aksjar i Norsk ressurssenter for fjellandbruk, - kr 200`. Budsjettposten er flytta til drift.
- Bruk av investeringsfond, kr 700`. Fondet var tomt ved inngangen av året, og budsjettposten difor ikkje realistisk.

Endringane ovanfor medfører endring av finansiering, med:

- Budsjettert tilskot frå private til skibru reduksjon, kr 3.500` (ikkje reell inntekt i 2021, finansiering blir erstatta med bruk av bundne investeringsfond, samt motteke mva-kompensasjon, sjå nedanfor)
- Bundne investeringsfond frå tilskot frå utbyggjarar kan nyttast til finansiering av skibru Beitestølvegen/Menkelie (middel frå fond Beitestølvegen, Menkelie, Markahøvda), - kr 2.560`
- Meirinntekter frå tomtesal, - kr 566`
- Redusert /utsett bruk av bundne investeringsfond (Finntøppvegen, B Camping), kr 1.176`
- Redusert /utsett mva-kompensasjon refusjon, kr 3.424`
- Redusert /utsett bruk av lån til VA, kr 53.705`
- Redusert /utsett bruk av lån generaløkonomien, kr 15.920`
- Redusert /utsett bruk av lån startlån, kr 500`
- Redusert /utsett overføring frå drift, kr 1.200`
- Redusert /utsett overføring frå drift (eigedomsskattefond), samla kr 1.300`

Frå og med 2021 fører kommunen renter på lån i byggjeperioden i investeringsregnskapet på VA og andre større investeringar.

Budsjettendringsforslag er spesifisert i vedlegg 3.

## Investeringar per 2.tertial 2021

tal i heile 1.000 kr

| Prosjekt | 2021 økonomi-plan | 2021 budsj endr i året | 2021 budsj (aug-21) | 2021 regnsk per aug. | 2021 prognose | Budsj endre 2021 2.tert. | Rebudsj 2022 | Rebudsj 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **INVESTERINGAR (brutto)** | | | | | | | | |
| **VA (netto mva)** | | | | | | | | |
| Høgdebasseng Nordtorp | 15 000 | | 15 000 | -127 | 200 | -14 800 | 7 800 | 7 000 |
| Oppgradering av Ole Vassverk | 9 000 | | 9 000 | - | - | -9 000 | 9 000 | |
| Mellsenn - Kollstad vassverk – ny vasskjede, nytt behandlingsanlegg | - | | - | | - | - | | |
| | | | - | | | | | |
| Nye Nedrefoss RA, forprosjekt inkl.utarb.reguleringsplan og erverv av | - | | - | - | 250 | 250 | -250 | - |
| Nye Nedrefoss RA - hovudprosjekt prosjektering og bygging | - | | - | | - | - | | |
| | | | - | | | | | |
| Mindre VA-anlegg årleg | - | | - | | - | - | - | |
| VA Storefoss – Nedrefoss RA | 12 000 | | 12 000 | 9 761 | 12 000 | - | | |
| VA - Furustrand-Raubrøtmoen-Storefoss | | | - | 5 | 500 | 500 | 5 500 | |
| VA Heranglie | | | - | | | | 5 800 | |
| VA Bergojordet | | | - | | | | 2 000 | |
| VA-Nordtorp-Hegge stavkyrkje | 6 000 | | 6 000 | 7 | 100 | -5 900 | 4 900 | |
| VA Solhauglie | | | - | | | | | |
| VA Kolleberg | | | - | | | | | |
| VA Bygdinvegen Skogaplassen - Mørstad | | | - | | | | | |
| VA Mellsenn-Kveno | | | - | | | | | |
| VA Nedrefoss-Rolandsgarden | | | - | | | | | |
| | | | - | | | | | |
| Utbygging av VA-leidningar i bygda | 18 000 | | 18 000 | 375 | 7 000 | -11 000 | - | |
| VA Gullbakkvegen | | | - | 3 231 | - | - | | |
| VA Røsshaugen | | | - | 1 617 | - | | | |
| Utbygging av VA i nye kommunale bustadområde | 12 000 | | 12 000 | 35 | 200 | -11 800 | - | |
| | | | - | | | | | |
| VA i hytteområda (Robølshøvda) | 4 000 | | 4 000 | 243 | 245 | -3 755 | 3 755 | |
| VA Luskeråsen | | | - | | | | 10 000 | |
| VA Javnlie | | | - | | | | - | |
| VA Gravfjellet | | | - | | | | - | |
| Skibru Beitestølvegen - andel VA | | | - | | 1 800 | 1 800 | - | |
| **Sum VA** | **76 000** | **-** | **76 000** | **15 147** | **22 295** | **-53 705** | **48 505** | **7 000** |

| Prosjekt | 2021 økonomi-plan | 2021 budsj endr i året | 2021 budsj (aug-21) | 2021 regnsk per aug. | 2021 prognose | Budsj endre 2021 2.tert. | Rebudsj 2022 | Rebudsj 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **INVESTERINGAR (brutto)** | | | | | | | | |
| **Kommunale bygg og uteområde (brutto mva)** | | | | | | | | |
| Øystre Slidre helsetun | 10 000 | 28 000 | 38 000 | 21 611 | 37 000 | -4 000 | 4 000 | |
| Utsmykking helsetun | 1 800 | 2 000 | 3 800 | 1 166 | 3 100 | -700 | 700 | |
| Uteområde Tingvang - ØSUS | 1 200 | | 1 200 | - | - | -1 200 | 1 200 | |
| ØSUS garderober | - | - | - | 131 | 131 | 131 | - | |
| Brennebakkin uteområder for bustader | - | | - | 759 | 759 | 759 | - | |
| Lydkåk | | | - | 41 | 41 | 41 | - | |
| Uteområde Gapahuken | 1 000 | 683 | 1 683 | - | 1 683 | - | - | |
| Furustand - friområde inkl gangveg Furustrand Heggenes | 300 | | 300 | 45 | 50 | -250 | 250 | |
| Lydisolering kulturskulerom | 750 | | 750 | 261 | 750 | - | - | |
| Rogne barnehage garderobe | - | 2 000 | 2 000 | 2 | 500 | -1 500 | 1 500 | |
| Klima+ - næringsklynga - bygningsmessige tiltak for 0-hus | 1 775 | | 1 775 | - | - | -1 775 | 1 775 | |
| **Sum kommunale bygg** | **16 825** | **32 683** | **49 508** | **24 016** | **44 014** | **-8 494** | **9 425** | **0** |
| *kontroll* | | | | | | *931* | | |
| | | | | | | | | |
| **Kommunale vegar mv. (brutto mva)** | | | | | | | | |
| Asfaltering av kommunale vegar | 1 000 | | 1 000 | - | 1 000 | - | - | |
| Volbu bru | 5 000 | | 5 000 | 56 | 5 000 | - | - | |
| Veg Heranglie | | | | - | - | - | - | |
| Straum og fiber Heranglie | | | | - | - | - | - | |
| | | | | | | | | |
| **Beltostølen sør - vest (brutto mva):** | | | - | | - | - | - | |
| Utbygging fortau stadion | 6 500 | | 6 500 | 9 | 100 | -6 400 | 6 400 | |
| Overtaking og oppgradering av Finntøppvegen | 6 000 | | 6 000 | - | 100 | -5 900 | 5 900 | |
| Skibru - Finntøppvegen | - | | - | -70 | 200 | 200 | -200 | |
| Skibru - Beitestølsvegen | 6 000 | | 6 000 | 4 158 | 11 000 | 3 200 | - | |
| **Sum kommunale vegar** | **24 500** | **-** | **24 500** | **4 153** | **17 400** | **-8 900** | **12 100** | **0** |
| | | | | | | *3 200* | | |
| **Andre uglfter (brutto mva)** | | | | | | | | |
| Kjøp av område for bustadbygging | 4 000 | | 4 000 | - | - | -4 000 | 4 000 | |
| Kjøp av tomt OVF (tidl.feste) | - | 5 500 | 5 500 | - | 5 500 | | | |
| Kjøp av tomt Beitostølen skistadion (tidl.feste) | - | 4 000 | 4 000 | 3 903 | 4 000 | - | - | |
| Skjel grensejustering | - | 13 750 | 13 750 | - | 13 750 | - | | |
| Digitaliseing av eigedomsarkiv | 1 500 | | 1 500 | - | - | -1 500 | - | - |
| Tenestebilar | 1 000 | | 1 000 | - | 1 000 | - | - | |
| Andelsinnskott KLP | 700 | | 700 | 684 | 684 | - | - | |
| Aksjar i Innlandet Revisjon IKS | | | | 36 | 36 | - | - | |
| Etablering av BU AS | 1 000 | | 1 000 | - | 300 | -700 | - | |
| Aksjar i Nye Løken gard 300` jf KS 49/20 | 300 | | 300 | - | - | -300 | 300 | |
| Aksjar i Norsk ressurssenter for fjellandbruk 200` jf KS 50/20 | 200 | | 200 | - | - | -200 | - | |
| Ekstraordinært avdrag | 91 875 | | 91 875 | 91 875 | 91 875 | - | - | |
| Utlån | 500 | | 500 | - | - | -500 | 500 | |
| Avdrag startlån | 200 | | 200 | 33 | 200 | - | - | |
| **Andre utgifter** | **101 275** | **23 250** | **124 525** | **96 531** | **117 345** | **-7 200** | **4 800** | **-** |
| **Totalt** | **218 600** | **55 933** | **274 533** | **139 847** | **201 054** | **-78 299** | **74 830** | **7 000** |

| Prosjekt | 2021 økonomi-plan | 2021 budsj endr i året | 2021 budsj (aug-21) | 2021 regnsk per aug. | 2021 prognose | Budsj endre 2021 2.tert. | Rebudsj 2022 | Rebudsj 2023 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **INVESTERINGAR (brutto)** | | | | | | | | |
| **FINANSIERING** | | | | | | | | |
| **Bundne middel** | | | | | | | | |
| Refusjon straum og fiber refusjon Heranglie | - | | - | | - | - | - | |
| Tomtesal | -500 | | -500 | -1 066 | -1 066 | -566 | - | |
| Tilskott husbanken | -91 875 | - | -91 875 | -91 875 | -91 875 | - | - | |
| Tilskott Furustrand friområde og gangveg | | | - | | - | - | - | |
| Bunde driftsfond (overført frå drift) - Lydisolering kulturskulerom | -209 | | -209 | | -209 | - | - | |
| Tilskott lydkåk | - | | - | - | - | - | | |
| Bruk av gåvefond Grønolen til helseltunet utsmykking, sansehage, in | -5 500 | | -5 500 | | -5 500 | - | - | |
| Bundne investeringsfond Finntøppvegen | -925 | | -925 | | - | 925 | -595 | |
| Bundne investeringsfond B Camping (fortau mv.B stadion) | -251 | | -251 | | - | 251 | -251 | |
| Tilskot frå private til skibru Beitestølsvegen | -3 500 | | -3 500 | - | - | 3 500 | - | |
| Bundne investeringsfond Beitestølvegen (skibru mv. Beitestølvegen / | - | | - | | -180 | -180 | - | |
| Bundne investeringsfond Menkelie (skibru Beitestølvegen/Menkelie | - | | - | | -1 500 | -1 500 | | |
| Bundne investeringsfond Markahøvda fellestiltak (andel til skibru M | - | | - | | -1 500 | -880 | | |
| Motteke avdrag startlån | -200 | | -200 | -121 | -200 | - | - | |
| | | | - | | | | | |
| **Frie middel** | | | - | | | | | |
| Mva-kompensasjon | -8 410 | -6 537 | -14 947 | -5 099 | -12 483 | 3 424 | -3 950 | - |
| Lån VA | -76 000 | | -76 000 | | -22 295 | 53 705 | -48 505 | -7 000 |
| Lån generaløkonomien | -25 838 | -30 046 | -55 884 | | -43 205 | 15 920 | -19 429 | - |
| Lån Husbanken (til utlån/bustader) | -500 | | -500 | | - | 500 | -500 | |
| Investeringsfond | -700 | | -700 | | - | 700 | - | |
| | | | | | | | | |
| Overf. frå driftsrekneskapen (med red driftsbudsj.) | - | -1 600 | -1 600 | | -400 | 1 200 | -1 200 | |
| Disp-fond e- skatt (overført frå drift) - veg | -1 000 | | -1 000 | | -1 000 | - | - | |
| Disp-fond e- skatt (overført frå drift) - aksjar BU AS | -1 000 | | -1 000 | | -300 | 700 | - | |
| Disp-fond e-skatt (overført frå drift) - Furustrand friluftsområde | -300 | | -300 | | - | 300 | -300 | |
| Disp-fond e-skatt (overført frå drift) - Aksjar Nye Løken gard og fjellar | -500 | | -500 | - | - | 500 | -300 | |
| Disp-fond e-skatt (overført frå drift) - tomt B.Stadion | - | -3 000 | -3 000 | | -3 000 | - | - | |
| Disp-fond e-skatt (overført frå drift) - skibru Finntøppvegen | - | | - | | -200 | -200 | 200 | |
| Disp-fond -ordinær (ovf fra drift til inv) | -1 391 | -14 750 | -16 141 | | -16 141 | - | - | |
| **Sum eks ord lån og disp fond** | **-218 599** | **-55 933** | **-274 532** | **-98 161** | **-201 054** | **78 299** | **-74 830** | **-7 000** |
| Uinndekka | 1 | - | 1 | 41 686 | 0 | -0 | - | |

# Økonomisk utvikling og stilling

## Finans-, gjelds- og kraftforvaltning

Nedanfor følgjer rapportering for finans-, gjelds- og kraftforvaltning, i tråd med forskrift om finans- og gjeldsforvaltning § 8.

### Finansplasseringar:

Kommunen har plassert midlar i:

**Bankinnskot** Kr 113.000` i Sparebank 1 Hallingdal og Valdres. Det er ikkje tidsbinding på bankinnskota. Hovudbankavtala er inngått for 4 år sidan, og vurderinga er at den har gjeve god avkastning, ut frå at likviditeten er plassert med svært låg risiko. Vi har hatt rentemargin på 0,25 %-poeng. Kommunen vurderer med javne mellomrom kvar midla skal plasserast, der føremålet er låg finansiell risiko og høg likviditet, jf. finans- og gjeldsreglementet pkt. 2.

**Obligasjon** Kr 5 000` i DNB Markets. Kommunen får rente på 3 mnd. Nibor + 1,5 %-poeng. Marknadsverdi per 31.12.2020 var 5 068`. Plasseringsbeløpet på 5 000` er uavhengig av kursutvikling sikra ved ordinær innfriing i 2022.

**Langsiktige strategiske plasseringar.** Kommunen har langsiktige aksjar og andelar med bokført verdi kr 51 067`, der målsetjinga med plasseringa primært har vore strategisk eigarskap, og ikkje finansiell vinning. Vi syner til spesifikasjon i note 5 til årsregnskapet. Kommunen har og langsiktige utlån til Valdres Energiverk AS på 20 000`. Det blir betalt renter av lånet i tråd med avtale og budsjett (6,7%). Dei langsiktige plasseringane er gjort etter politiske vedtak.

Det blir betalt utbytte frå Valdres Energi og frå Innlandet Energi Holding AS /Eidsiva Energi, som vanlegvis gjev ein del høgare avkastning på midlane ifht. bankinnskot.

### Lånegjeld:

Kommunen har i september 2021 ei lånegjeld på kr 390.000`. Låna består av ordinære gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt, KLP Banken og Husbanken. Alle låna har flytande rente. Lånegjelda har gått ned frå 492.929`sidan nyttår, etter at vi innfridde eit midlertidig lån til Helsetunet i påvente av Husbank-tilskot på 91.875`, dette er motteke i 1.tertial.

Kommunen har ikkje sertifikatlån eller lån som forfell eller må re-finansierast dei neste 12 månader.

Gjelda no er 112% av budsjetterte brutto driftsinntekter i kommunen. Det er vesentleg over den langsiktige handlingsregelen kommunen har (75%).

Avdragsutgifta er dermed og vesentleg høgare i vår kommune enn i dei gruppene vi samanliknar oss med. Budsjetterte avdrag på lån for 2021 utgjer 5,27% av brutto driftsinntekter, medan nivået låg på 3,6%/4% i KOSTRA gruppe 04/ landet utanom Oslo i 2020.

Omlag 158.500` av gjelda er relatert til sjølvkostområda vatn og avløp. Dette området skal finansiere seg sjølv gjennom vatn- og avløpsgebyr frå brukarane, inklusive finanskostnader relatert til gjeld innan denne sektoren. Lånegjeld utanom sjølvkost utgjer 238.000, og 73% av brutto driftsinntekter korrigert for inntekter frå sjølvkostområde (22.000`).

Gjelda, både med og utan sjølvkostområda, er vesentleg høgare (med hhv. 112% og 73%) enn handlingsregelen i økonomiplan for 2021 på maksimalt 75% og 50% av brutto driftsinntekter.

Nedanfor ser vi utviklinga i lånegjeld i % av brutto driftsinntekter, opp mot handlingsreglane for kommunen.




Her ser vi utviklinga i avdragsutgifter i % av brutto driftsinntekter, jf. årsregnskap og økonomiplan, opp mot nivået i KOSTRA gruppe 04 i 2020.




Den vesentlege og høge lånegjelda kommunen no har, utgjer ein vesentleg auke i kommunens finansielle risiko og sårbarheit. Kommunen vil ha større utfordringar med å balansere drifta i åra som kjem, jf. økonomiplan. Kommunen har vesentleg auka avdragsutgifter framover.

I tillegg er kommunen eksponert for renteauke. Skulle renta auke f.eks. + 1% til 2023, vil kommunen det året få kr 10,3 mill. i auka finanskostnader i forhold til 2020 (5,2 mill. i avdrag, 5,1 mill. i rente, av den totale budsjetterte lånegjelda på kr 508 mill.). Ei slik auke må kommunen rekne med som sannsynleg.

## Kraftforvaltninga

Kommunen si kraftmengde på omlag 54,4 GWh blir seld på kraftbørsen. Vi nyttar ekstern kraftforvaltar. Kraftforvaltaravtalen var ute på konkurranse i 2018 og gjeld for 2019-2022. Største mengda (50-100%) blir prissikra med eit perspektiv på 1-3 år, for å ha ei føreseieleg inntekt og unngå dei største svingingane i marknaden. Det er opna for tilbakekjøp og ny sikring for inntil 10% av kraftmengda, for å kunne optimalisere inntekta. Forvaltar nyttar og moglegheitsrommet som ligg i å velja gunstigast tidspunkt for sal (natt/dag, tid på året mv.). Det blir sett ein budsjettpris årleg ut frå marknadssituasjonen på starttidspunktet kommunen vel. Dersom oppnådd pris blir lågare enn det, får forvaltar ikkje honorar for den aktuelle mengda.

For 2021 (og 2022) vart forvaltning av det meste av kraftmengda starta i 2020, med ein referansepris på 29,42 NOK/kWh. Resten av krafta, ca. 4,9 GWh, blir seld i spot.

Prisane har gått opp i vinter ifht det som var situasjonen hausten 2020 og estimatet til budsjettet for 2021.




Ut frå Ishavskraft sin rapport og prognose per september 2021 ligg det an til ein snittpris på 40,907 øre/kwh. Det er lågare enn i 2020 (snitt på 42,7 øre, som var historisk høgt), men langt høgare enn gjennomsnittleg pris dei siste 16 åra (gjennomsnittleg 28,69). Auka straumprisar gjev og høgare kostnader til forvaltning og skatt på skattepliktig overskot. Vi ligg an til ein auka nettoinntekt kraft ifht.budsjett 2021 på ca. 6.270` for året. Kommunen har samstundes fått auka straumkostnad eigne bygg på 2.600`, og auka utbytte frå kraftselskap på 1.340`.

## Vurdering i forhold til kommunens finans- og gjeldsforvaltningsreglement:

Nedanfor omtaler vi den finansielle risiko og avkastning i forhold til viktige mål og krav i kommunen sitt finans- og gjeldsreglement (KS-70/20).

**Likviditet.** Delmål: Kommunen skal til ei kvar tid ha likviditet til å dekke løpande plikter.

Arbeidskapitalen er redusert frå 135.707` per 2020 til 118.073` i september 2021. Kommunen har 52.505` i ubrukte lånemiddel frå 2020 som nyttast til investeringar som var budsjetterte i 2020 og som blir gjennomført i 2021. Likviditet til drift (likvide midlar minus ubrukte lånemiddel til investering) er no ca. 65.500`. Vi vurderer at likviditeten er god. Vi har likviditet til å betale løpande plikter ved forfall, og kunne tole uføresette likviditetsmessige utfordringar av noko omfang.

**Finansiell risiko.** Delmål: Ved forvaltning av likvide middel og middel for driftsføremål skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet.

Vi har svært låg risiko på plassering av likviditeten, ved at tilnærma alt står på bankinnskot, og den delen som står i obligasjon har sikra hovudstol.

Også gjeldsplasseringa vurderer vi det er låg risiko knytt til, ved at kommunen ikkje har refinansieringsrisiko.

**Avkastning på overskotslikviditet.** Delmål: Plassert overskotslikviditet skal over tid gje ei god og konkurransedyktig avkastning innanfor definerte krav til likviditet og risiko.

Kommunen har konkurranseutsett bankavtale og nye lån, og vurderer å ha konkurransedyktige vilkår. 5.000`er plassert i obligasjon med betre rente enn ordinære bankkonti. Vi har vurdert å plassere meir likviditet på høgrente eller annan plassering med betre rente. Det har vore knytt usikkerheit til likviditetsbehovet som medfører at vi ikkje har valt å gå inn på dette foreløpig.

Renta er historisk låg. Dette merkar kommunen på sine likvide midlar.

**Avkastning langsiktige aktiva.** Delmål: Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gje ein god og langsiktig avkastning til akseptabel risiko.

Kommunen vurderer at det ikkje har vore vesentleg ledig driftslikviditet til langsiktig plassering. Kommunen har langsiktig strategisk utlån, der renta er langsiktig og ein god del høgare enn marknadsrenta. Kommunen har og strategiske eigarpostar i bl.a. Valdres Energi og i Innlandet Energi Holding / Eidsiva Energi. Vi vurderer å ha god avkastning på plasseringa. Vi kan ikkje sjå vesentleg risiko med kommunen si langsiktige finansielle aktiva.

**Lågast mogleg totalkostnad for lån.** Delmål: Lånte middel skal over tid gje lågast mogleg totalkostnad innanfor definerte krav til refinansieringsrisiko og renterisiko.

Vi har foreløpig i 2021 ikkje gjort nytt låneopptak, dette blir gjort i oktober. Vi vurderer å ha konkurransedyktig rente på låna. Vi har flytande rente på låna, anten knytt til 3 mnd nibor, eller p.t. rente. Vurderinga vår er at det over tid gjev den lågaste renta, men vi blir meir eksponert for renteauke. Vurderinga har vore og er at vi har ei finansiell stilling med akseptabel risiko, og at det ikkje har vore tenleg å betale den "forsikringspremien" som ligg i å binde renta.

Rentenivået er historisk lågt, noko kommunen nyt godt av ved låge finanskostnader i drifta. Renta er imidlertid aukande framover.

**Kraftinntekter.** Delmål: Kommunen sine kraftrettar skal forvaltast på ein måte som sikrar ei balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter.

Vi vurderer at kraftforvaltninga sikrar ei god balanse mellom føreseielege inntekter og høgast moglege inntekter, ved at det er forholdsvis stor grad av prissikring, men samstundes noko fleksibilitet og moglegheit for optimalisering på ulike måtar. Det ligg og ei nedside for forvaltar som gjev dei incentiv til å arbeide aktivt for at prisen ikkje skal gå under budsjettert minstepris.

Vi har sett bort forvaltninga, då vurderinga er at det er lønsamt for kommunen å samarbeide om denne forvaltninga med ein profesjonell aktør. Administrasjonen har, etter samtalar med andre i bransjen, ikkje fått grunn til å tvile på at forvaltninga er tilfredsstillande og konkurransedyktig.

**Ikkje avvik i høve krav i finans- og gjeldsreglementet.**

Administrasjonen meiner det ikkje er avvik  mellom krav i finans- og gjeldsreglementet og den faktiske forvaltninga.

# Organisasjon

## Sjukefråvær

Kommunen hadde per 2. tertial eit sjukefråvær på 9,3%. Dette er om lag på "normalnivå" for kommunen (er litt lågare enn det har vore dei siste åra). Det er ei auke i fråværet i område for Opplæring og kultur, medan det er nedgang på dei fleste andre områda:



# Vedlegg

## Vedlegg 1 - Interkommunale samarbeid - økonomirapport 2.tertial

Vedlagt fylgjer 2021 Økonomirapport Interkommunale samarbeid 2. tertial frå Nord-Aurdal kommune.

https://www.oystre-slidre.kommune.no/_f/p1/i062daddd-4f48-43e7-9255-3713a582b4cd/2. tertial rapport - IK-samarbeidstiltak vertskommune NAK.docx.pdf

## Vedlegg 2 - budsjettendringsforslag ved 2. tertial 2021 - drift

Jf. omtale under kap. Sentrale kap. – Totaloversikt økonomi.

| Budsjettendringsforslag ved 2.tertial 2021 | Beløp i heile 1000 | Konto | Ansvar | Funksjon | Prosjekt |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | |
| SUM | **0** | | | | |
| | | | | | |
| Generelle inntekter: | **-7284** | | | | |
| Skatteinntekter auka, jf. KS-prognose av oktober-21 | **-5530** | 18700 | 90000 | 8000 | |
| Rammetilskot flyttast til covid-19-kompensasjon | **403** | 18000 | 90000 | 8400 | |
| Rammetilskot andel til covid-19-kompensasjon auka til 4.252` frå budjsettert 3.879` | **-403** | 18000 | 90000 | 8400 | 11101 |
| Rammetilskot auka for covid-19 vaksinering | **-754** | 18000 | 90000 | 8400 | 11109 |
| Skjønnstilskot til covid-19 | **-1000** | 18100 | 90000 | 8400 | 11101 |
| | | | | | |
| Netto finansutgifter | **-2900** | | | | |
| Renteinntekter - auka pga meir inneståande gjennom året | **-1300** | 19000 | 91000 | 8700 | |
| Renteutgifter - reduksjon pga.utsett låneopptak og investeringar | **-1600** | 15000 | 91000 | 8700 | |
| | | | | | |
| Rådmann/felles: | **1270** | | | | |
| Politisk leiing og kontrollorgan: | | | | | |
| Revisjon auka, jf skriv frå KU aug-21 og oppdragsavtale med Innlandet Revisjon IKS | **200** | 12700 | 10000 | 1100 | |
| Mindreforbruk politisk område | **-300** | 14900 | 10000 | 1000 | |
| Rådmannen felles: | | | | | |
| Meirkostnader/ mindreinntekter covid-19 m.m. prognosert (budsjetterast sentralt) | **500** | 14900 | 10000 | 1299 | 11101 |
| Stab: | | | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Meirbruk rådmann/stab/økonomi - stor auke i KS-kontingent og lisensar. | **250** | 11951 | 11000 | 1200 | |
| Meirbruk stab økonomi - utbetalt meirtid grunna arbeidspress, valavvikling, covid-19 mv. | **120** | 14900 | 12030 | 1200 | 11101 |
| Meirforbruk stab valavvikling - meirtid grunna covid-19 | **80** | 14900 | 12010 | 1000 | 11101 |
| Meirforbruk stab - meirtid grunna vaksinering covid-19 | **320** | 14900 | 12020 | 1200 | 11109 |
| Meirbruk stab/økonomi -yrkesskadeforsikring | **100** | 11852 | 12020 | 1299 | |
| | | | | | |
| Opplæring og kultur: | **300** | | | | |
| Inntektbortfall innan kulturområdet grunna covid-19 | **300** | 17500 | 25000 | 3830 | 11101 |
| | | | | | |
| Helse og omsorg: | **6905** | | | | |
| Helse: | | | | | |
| Meirforbruk kjøp av tenester legar mv. grunna vaksinering covid-19 | **1350** | 13000 | 30000 | 2330 | 11109 |
| Meirforbruk kommunale legar grunna vaksinering covid-20 | **500** | 14900 | 31010 | 2410 | 11109 |
| Meirforbruk helse grunna covid-19 - medisinsk forbruksmateriell mv. | **200** | 11100 | 30000 | 2330 | 11101 |
| Mindre eigenbetalingsinntekt legetenesta grunna covid-19 | **200** | 16000 | 31010 | 2410 | 11101 |
| Institusjonstenester: | | | | | |
| Eigenbetaling institusjon overbudsjettert etter nytt helsetun og færre langtidsplassar | **2455** | 16000 | 36005 | 2530 | |
| Lisens velferdsteknologi nye helsetunet | **500** | 11951 | 36005 | 2530 | |
| Ekstern plass pr 13006 underbudsjettert for året | **508** | 13700 | 36005 | 2530 | 13006 |
| Meirutgifter grunna covid-19, til lønn mv. | **160** | 14900 | 36005 | 2530 | 11101 |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Førebygging og meistring: | | | | | |
| Ekstern plass pr 13013 underbudsjettert for året | **412** | 13700 | 35000 | 2540 | 13013 |
| Mindre korttidsopphald og praktisk bistand i heimen grunna covid-19 | **620** | 16000 | 35000 | 2530 | 11101 |
| | | | | | |
| Tekniske tenester: | | | | | |
| Teknisk drift: | **3100** | | | | |
| Bustad utleige - mindreinntekter, fleire tomme | **1500** | 16300 | 42050 | 2650 | |
| Fjernvarme nye helsetunet meirforbruk | **750** | 11810 | 42020 | 2611 | |
| Kommunale avgifter meirforbruk | **100** | 11950 | 42020 | 1299 | |
| Reinhald meirutgifter grunna covid-19 | **250** | 14900 | 42010 | 1299 | 11101 |
| Kommunale bygg inventar og utstyr meirforbruk grunna covid-19 | **50** | 12000 | 42020 | 1200 | 11101 |
| Kommunale bygg med manglande utleige grunna covid-19 | **450** | 16300 | 42050 | 1299 | 11101 |
| | | | | | |
| Næring,  plan og byggesak: | **2931** | | | | |
| Meirforbruk planavdelinga pga vaksinering covid-19 | **320** | 14900 | 45010 | 3010 | |
| Private planer -  (mot byggesak/plan fond) | **-500** | 16201 | 45010 | 3011 | |
| Byggesak - estimert overskot avsetjast til bunde sjølvkostfond (byggesak/plan) | **1850** | 15500 | 45030 | 3020 | |
| Spreidd avløp - estimert overskot avsetjast til bunde sjølvkostfond | **500** | 15500 | 45030 | 3021 | |
| Oppmåling - estimert overskot avsetjast til bunde sjølvkostfond | **430** | 15500 | 45040 | 3030 | |
| Gjendeosen KS-011/09 løyving tilbakeførast, den er ikkje lengre gyldig | **-900** | 14700 | 45050 | 3250 | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Mellad`n Turløyper utlån forskuttering spelemiddel, jf. KS-58/21 | **1231** | 15200 | 45050 | 3800 | |
| | | | | | |
| Kraftforvaltning: | **-5010** | | | | |
| Salgsinntekter kraft auka jf. prognose per september | **-7460** | 16500 | 80000 | 3210 | |
| Kjøpskostnader kraft | **80** | 14700 | 80000 | 3210 | |
| Innmating energi | **40** | 12700 | 80000 | 3211 | |
| Forvaltningsghonorar kraft | **520** | 12700 | 80000 | 3210 | |
| Skattekostnad kraftomsetning | **550** | 12701 | 80000 | 3210 | |
| Straumutgifter eigne bygg auka pga prisauke 2021 mv. | **2600** | 11800 | 80000 | 1299 | |
| Utbytte frå kraftselskap | **-900** | 19050 | 80010 | 3200 | |
| Refusjon frå Oppland Energi | **-440** | 16500 | 80000 | 3214 | |
| | | | | | |
| Interne finansieringstransaksjonar: | **688** | | | | |
| Overføring frå drift til investering: | | | | | |
| Overføring frå drift til inv. - utsett til 2022 (Rogne barnehage, disp-fond) | **-1200** | 15700 | 95000 | 8800 | |
| Overføring frå drift til inv. - utsett til 2022 (aksjar BU, e-skattefond) | **-700** | 15700 | 95000 | 8800 | |
| Overføring frå drift til inv. - utsett til 2022 (Furustrand friluftsområde, e-skattefond) | **-300** | 15700 | 95000 | 8800 | |
| Overføring frå drift til inv. - utsett til 2022 og delvis til drift (aksjar Løken/fjellandbruk, e-skattefond) | **-500** | 15700 | 95000 | 8800 | |
| Overføring frå drift til inv. - framskunda til 2021 frå 2022 (skibru Finntøpplie, e-skattefond) | **200** | 15700 | 95000 | 8800 | |
| Overføring til investering (aksjar) - korr av ØP2021 (rebudsj 2020-2021) | **1500** | 15700 | 95000 | 8800 | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Bruk/avsetjing frie fond: | | | | | |
| Bruk av disposisjonsfond til investering reduksjon - sum utsett til 2022 | **1200** | 15400 | 95000 | 8800 | |
| Bruk av eigedomsskattefond til investeringar reduksjon - sum utsett til 2022 | **1300** | 15401 | 95000 | 8800 | |
| Bruk av disposisjonsfond  til investering - korr av ØP2021 (rebudsj 2020-2021) | **-1500** | 19400 | 95000 | 8800 | |
| Bruk av eigedomsskattefond til Klima+ - tilbakeføring av dobbelt budsjettering ØP2021 | **367** | 19401 | 45075 | 3250 | 15205 |
| Bruk av eigedomsskattefond til Klima+ - tilbakeføring av dobbelt budsjettering ØP2021 | **367** | 19401 | 45075 | 3600 | 15205 |
| Bruk av disposisjonsfond i staden for e-skattefond, jf. ØP2021 vedr Klima+ | **-734** | 19400 | 95000 | 8800 | |
| Mellad`n Turløyper utlån forskuttering spelemiddel, jf. KS-58/21 - bruk av disposisjonsfond | **-1231** | 19400 | 95000 | 8800 | |
| Redusert bruk av disposisjonsfond (saldering ved 2.tertial budsjettendringar) | **1519** | 19400 | 95000 | 8800 | |
| Bruk/avsetjing bundne fond: | | | | | |
| Avset til bunde fond (konsesjonsavgift), etter auke av inntekt frå Skjel jf KS 11/21 og 53/21 | **400** | 15500 | 90000 | 3250 | |
| | | | | | |

## Vedlegg 3 - budsjettendringsforslag ved 2. tertial 2021 - investeringar

Jf. omtale under kap. Investeringsregnskapet - status.

| Budsjettendringar investeringar etter 2.tertial 2021 | Beløp i heile 1.000 kr |
|---|---|
| SUM | - |
| | |
| VA: | -53 705 |
| Høgdebassseng Nordtorp - utsett til 2022-2023 | -14 800 |
| Oppgradering Ole Vassverk - utsett tl 2022 | -9 000 |
| Nye Nedrefoss RA forprosjekt - framskunda til 2021 frå 2022 | 250 |
| VA Furustrand-Raubrøtmoen-Storefoss - framskunda til 2021 frå 2022 | 500 |
| VA Nordtorp-Hegge stavkyrkje - utsett til 2022 og nedjustert | -5 900 |
| VA-utbygging av leidningar i bygda - utsett og flytta til andre prosjekt | -11 000 |
| VA-utbygging i nye kommunale bustadområde - utsett og flytta til andre prosjekt | -11 800 |
| VA i hytteområda - utsett til 2022 | -3 755 |
| VA-andel i skibru Beitesstølvegen - flytta frå andre postar | 1 800 |
| | |
| Kommunele bygg og uteområde: | -8 494 |
| Øystre Slidre helsetun, investering eks.mva- utsett til 2022 | -3 200 |
| Øystre Slidre helsetun, mva - utsett til 2022 | -800 |
| Utsmykking helsetun, netto investering eks.mva - utsett til 2022 | -560 |
| Utsmykking helsetun, mva - utsett til 2022 | -140 |
| Uteområde Tingvang-ØSUS, investering eks.mva - utsett til 2022 | -960 |
| Uteområde Tingvang-ØSUS, mva - utsett til 2022 | -240 |
| ØSUS garderober - investering eks.mva - budsjettsprekk | 105 |
| ØSUS garderober - mva - budsjettsprekk | 26 |
| Brennebakkin uteområde for bustader, investering eks.mva - budsjettbehov | 607 |

| | |
|---|---|
| Brennebakkin uteområde for bustader, mva - budsjettbehov | **152** |
| Lydkåk, investering eks.mva - budsjettbehov | **33** |
| Lydkåk, mva - budsjettbehov | **8** |
| Furustrand friområde inkl.gangveg Furustrand-Heggenes, investering eks.mva - utsett til 2022 | **-200** |
| Furustrand friområde inkl.gangveg Furustrand-Heggenes, mva - utsett til 2022 | **-50** |
| Rogne barnehage garderobe, investering eks.mva - utsett til 2022 | **-1 200** |
| Rogne barnehage garderobe, investering eks.mva - utsett til 2022 | **-300** |
| Klima+ næringsklynga- bygingsmessige tiltak for 0-hus - utsett til 2022 | **-1 775** |
| | |
| Beitostølen prosjekter: | **-8 900** |
| Utbygging fortau stadion, investering eks.mva - utsett til 2022 | **-5 120** |
| Utbygging fortau stadion, mva - utsett til 2022 | **-1 280** |
| Overtaking og oppgradering av Finntøppvegen, investering eks.mva - utsett til 2022 | **-4 720** |
| Overtaking og oppgradering av Finntøppvegen, mva - utsett til 2022 | **-1 180** |
| Skibru Finntøppvegen, investering eks.mva - framskunda til 2021 frå 2022 | **160** |
| Skibru Finntøppvegen, mva - framskunda til 2021 frå 2022 | **40** |
| Skibru Beitestølvegen, investering eks.mva - budsjettbehov jf.prosjektrapport | **2 560** |
| Skibru Beitestølvegen, mva - budsjettbehov jf.prosjektrapport | **640** |
| | |
| Andre investeringar: | **-7 200** |
| Kjøp av område for bustadbygging | **-4 000** |
| Digitalisering av eigedomsarkiv, investering eks.mva - utsett til løpande drift 2022-2025 | **-1 200** |
| Digitalisering av eigedomsarkiv, investering eks.mva - utsett til løpande drift 2022-2026 | **-300** |
| Etablering av BU AS - redusert investeringsramme, overført til drift/etablering | **-700** |
| Aksjar i Nye Løken gard jf. KS-49/20 - utsett til 2022 | **-300** |
| Aksjar i Norsk ressurssenter for fjellandbruk jf. KS-50/20 - overført til drift | **-200** |

| | |
|---|---|
| Utån formidlingslån - utsett til 2022 | **-500** |
| | |
| Sum investering: | **-78 299** |
| | |
| Finansiering: | **78 299** |
| Tomtesal | **-566** |
| Bruk av bundne investeringsfond  (Finntøppvegen) - utsett til 2022 | **925** |
| Bruk av bundne investeringsfond  (Beitostølen Camping) - utsett til 2022 | **251** |
| Bruk av bundne investeringsfond (Beitestølvegen) - budsjettbehov til skibru Beitestølvegen 2021 | **-180** |
| Bruk av bundne investeringsfond (Menkelie) - budsjettbehov til skibru Beitestølvegen 2021 | **-1 500** |
| Bruk av bundne investeringsfond  (Markahøvda) - budsjettbehov til skibru Beitestølvegen 2021 | **-880** |
| Tilskot frå private til skibru Beitestølvegen - justering av budsjett | **3 500** |
| Mva-kompensasjon - utsett til 2022 | **3 424** |
| Bruk av lån VA - utsett til 2022- | **53 705** |
| Bruk av lån generaløkonomien - utsett til 2022 | **15 920** |
| Bruk av lån Husbanken til vidareutlån - utsett til 2022 | **500** |
| Bruk av investeringsfond - budsjettjustering (fondet er tomt) | **700** |
| Overføring frå drift til investering - utsett til 2022 (Rogne barnehage, disposisjonsfond) | **1 200** |
| Overføring frå drift til investering - utsett til 2022 (aksjar BU, e-skattefond) | **700** |
| Overføring frå drift til investering - utsett til 2022 (Furustrand friluftsområde, e-skattefond) | **300** |
| Overføring frå drift til investering - utsett til 2022 og delvis overføring til drift (aksjar Nye Løken gard og Norsk ressurssenter for fjellandbruk, e-skattefond) | **500** |
| Overføring frå drift til investering - framskunda til 2021 frå 2022 (skibru Finntøpplie, e-skattefond) | **-200** |
| | |